



## STYRINGSGRUPPA FOR NORDHORDLANDSPROSJEKTET -

Forslag: ROLLER , ANSVAR OG OPPGÅVER I SAMARBEID FOR ANSKAFFING.

Styringsgruppa:

- Overordna kontaktpunkt for prosjektet for å gjennomføre prosessar ute i den einssilde kommune.
- Arbeide for forankring i kommunane politisk og administrativt på alle nivå.
- Legge til rette i kommunane for å nå dei mål som er fastsett og vedteke i Prosjektplanen for Nordhordlandsprosjektet.
- Gjennomføre dei tiltak og mål som er vedteke i eigen kommune sitt planverk knytt til velferdsteknologi .
- Sikre at planlagde investeringar og drift av velferdsteknologiske løysingar kjem med i kommunane sin økonomiplan og årlege budsjett.

Oppgåver i anbudsprosessen – gjennomføring av anbod

- Følgje anbudsprosessen og ivareta den einssilde kommune sine samla behov og interesser.
- Kome med innspel og tilbakemeldingar til arbeidsgruppa for anskaffing
- Bidra og kvalitetsjekke opplysningar om eigen kommune sine behov i anbudsdokumenta
- Bidra med relevante opplysningar frå den einssilde kommune og budsjettmidlar til velferdsteknologiske løysingar i anbudsdokumenta ( jf. notat side 2)

Oppfølging av kontrakt, leveranse og implementering.

- Avklare roller og ansvar saman med prosjektet og IKTNH i forhold til oppfølging av kontraktar og leveransar ut i kommunane
  - Medverke til at det vert utarbeidd av felles implementeringsplan for kommunane som er med i prosjektet, samt sikre utarbeiding og oppfølging av plan i eigen kommune.
  - Sikre at velferdsteknologi vert ein naturleg del av tenestetilbodet i kommunane innan 2020.
  - Sikre at eigen kommune får på plass nødvendige rutinar for kartlegging og tildeling av velferdsteknologiske løysingar
  - Arbeide for tverrfagleg samarbeid rundt velferdsteknologiske løysingar.
  - Arbeide med og forståing for gevinstrealisering i eigen kommune.
-

## NOTAT: ESTIMAT I FORHOLD TIL OMFANG I KOMMUNANE FOR ANBOD OM VELFERDSTEKNOLOGI

Når det gjeld grunnlag for gjennomføring av eit anbod, så gjeld følgjande:

- Anbudet må vera reelt i den forstand, at ein har eit konkret behov, som ein har konkrete planar for å gjennomføra.
- I eit anbod må me kunne gje eit estimat på kva omfang ein forventar i avtaleperioden, samla sett for heile avtalen.
- Dette kan eks. vere budsjetterte midlar, antal einingar ein planlegg for etc. Budsjett estimat er OK om ein ikkje har planlagt budsjett enno.
- Me vil i konkurransegrunnlaget ta forbehold om at det i avtaleperioden vil kunne komme endringar på omfang, hos alle kommunane som er med i anbodet.
- Dette kan for eksempel skje ift. årlige budsjett i kommunane, eller større endringar i rammebetingelsane.
- Om det vert større endringar i avtaleperioden, må ein kunne dokumentera dei faktiske budsjett før ein starta anbodet.

I anbodet om velferdsteknologiske løysingar treng ein no tilbakemelding frå kommunane på budsjetttramme for velferdsteknologi dei neste 4 år. Det vil sei at kvar kommune melder tilbake til arbeidsgruppa for anskaffing estimert budsjetttramme årleg for 2019 t.o.m 2022.

Budsjetttrammene vert rekna saman for alle kommunane og sett vert opp som grunnlag for avtalen sin totale verdi. Frist for tilbakemelding 23.04.18

Tilbakemelding for estimat skal gjerast i eige skjema som vert sendt ut til kommunalsjefane.

Knarvik, 13.04.2018

Med helsing

Arbeidsgruppa for anskaffing

